




Årsmelding Hafslo IL 2025



Sakliste til årsmøtet 2026.....	3
Årsmelding frå styret i Hafslo IL	4
Årsmelding frå stadionstyret.....	13
Årsmelding hoppgruppa	15
Årsmelding alpint og friski.....	17
Årsmelding fotballgruppa.....	19
Årsmelding barneidrett	25
Årsmelding trimgruppa	26
Årsmelding langrennsgruppa	28
Årsmelding handballgruppa	29

Sakliste til årsmøtet 2026

- Opning
- Godkjenning av innkalling
- Godkjenning av sakliste
- Val av møteiar og skrivar
- Val av to medlemar til å skriva under møteboka
- Årsmelding frå styret
- Årsmelding frå gruppene
- Rekneskap inkl. økonomimelding frå styret og melding frå kontrollutvalet
- Fastsetjing av medlemskontingent
- Budsjett 2026
- Organisasjonsplan Hafslo IL
- Inkomne saker
- Val

Oppdatert sakliste med aktuelle saksdokument og årsmelding for 2025 vert gjort tilgjengeleg på nettsida vår, www.hafslo-il.no, seinast torsdag 5. februar 2026.

Vel møtt til årsmøte for Hafslo IL på Eikum Hotell torsdag 12. februar 2026 kl. 19!



Årsmelding frå styret i Hafslo IL

Styret

Leiar: Ove Midtbø

1. nestleiar/sekretær: Birthe Johanne Fredheim Finstad

2. nestleiar/medlemsansvarleg: Erna Hamrum

Kasserar: Tonje Torgersen

Styremedlem: Signe Gudveig Rauboti

Styremedlem: Styrk André Hofslundsengen

Ungdomskontakt: Theo Opem-Moen

1. varamedlem: Arthur Bremer Brynjulfsen

2. varamedlem: Anne Perlaug Fossøy

Særgruppene

Alpint- og friskigruppa

Leiar: Lars Olav Halleråker

Medlemer: Ann Helen Liljedahl, Wenche Aspelund Linde, Nils Petter Solheim, Lars Håkon England

Barneidrettsgruppa

Leiar: Benedikte Fløtra Grøteig

Medlemer: Marit Haugan Hove, Kai Atle Øygard

Fotballgruppa

Leiar: Nils Petter Solheim

Medlemer: Karita Nes, Jan Erik Røneid, Tormod Tysse Tuften, Ann Kristin Torgersen, Tonje

Grønstad, Anja Renate Buskaker

Handballgruppa

Leiar: Monika Alvestad Reime

Hoppgruppa

Leiar: Jon Ove Lomheim

Medlemer: Per Birger Lomheim, Håvard Ese Eliassen, Ane Hestad, Morten Flisram, Eirik Hoem

Langrennsgruppa

Leiar: Terje Fardal

Medlemer: Per Fridolf Hillestad, Irene Barca Fardal

Trimgruppa

Leiar: Terje Brunborg

Medlemer: Monica Heggstad, Kjell Arild Høyum, Tor Erik Ones

Stadionstyret

Leiar: Tore Ørbeck

Medlemer: Bjarni H. Valsson, Birger Moene, Rolf Johan Stranden, Maths Listou

Orienteringsnemnd

Kontaktperson: Ove Oklevik

Lerum cup-nemnd

Ove Midtbø (frå hovudstyret), Karita Nes (kioskansvarleg), Tore Ørbeck (stadionstyret), Lars Olav Halleråker (frå skigruppene), Nils Petter Solheim (fotballgruppa)

Kiosknemnd: Karita Nes, Erna Hamrum, Tonje Grønstad, Ann Kristin Torgersen, Ann-Elisbeth Skjerven, Tonje Grønstad

Marknadsnemnd

Erna Hamrum, Birthe Johanne Fredheim Finstad, Tonje Grønstad, Sigrid Fredheim Finstad, Mette Johannessen

Nemnd for fleirbrukshall Hafslø

Eirik Hoem, Jone Solberg Vik, Nils Petter Solheim, Marit Haugan Hove

Friidrettsutval

Trimgruppa

Skøyteutval

Per Ivar Lomheim

Kontrollutval

Gerd Westby, Hermann Odd Stein

Luster idrettsråd

Ove Midtbø (medlem/leiar), Signe Gudveig Rauboti (styremedlem), Geir Arne Kvam (leiar kontrollutvalet), Erna Hamrum (valnemnd)

Nemnd for stolpejakt Luster kommune

Terje Brunborg (representant for trimgruppa), Ove Midtbø (hovudstyret/Luster idrettsråd)

Hestesportnemnd Hafslø IL

Svein Solheim, Harald Hess

Kajakknemnd Hafslø IL

Hovudstyret

Valnemnd

Hovudstyret og særgruppene har fungert som valnemnd i 2025.

Møte og saker

Hafslø IL har hatt seks styremøte der fire av desse har vore utvida styremøte med gruppeleiarane. Vi har handsama 54 saker på styremøta. I tillegg har hovudstyret handsama og gjort vedtak i ei sak per e-post. Hovudstyret og gruppene har elles hatt løpande dialog per e-post og telefon ved behov. Det har også vore fleire møte i dei ulike gruppene og nemndene om ulike arrangement og aktivitetar gjennom året.

Ove Midtbø representerte Hafslø IL på generalforsamlinga til Sogn Skisenter 15. mai 2025. I tillegg deltok Jon Ove Lomheim, Lars Olav Halleråker og Terje Fardal som styremedlemer i Sogn Skisenter.

Ove Midtbø, Jon Ove Lomheim og Erna Hamrum representerte Hafslø IL på årsmøtet til Luster Idrettsråd 13. oktober 2025.

Medlemstal

Medlemstallet var på 760 medlemmer per 31.12.2025. Det er ein nedgang på ti medlemmer samanlikna med 2024. Av desse var 385 medlemmer under 20 år og 462 medlemmer i familiemedlemsskap.

Særforbund

Laget har vore medlem i følgjande særforbund under Norges Idrettsforbund i 2025:

- Norges Skiforbund
- Norges Fotballforbund
- Norges Friidrettsforbund
- Norges Trimforbund
- Norges Skiskyttarforbund
- Norges Orienteringsforbund
- Norges Håndballforbund

Avgidde tillitsvalde

Luster Idrettsråd

Ove Midtbø, leiar

Jon Ove Lomheim, styremedlem fram til årsmøtet 13.10.25

Signe Rauboti, styremedlem, styremedlem frå årsmøtet 13.10.25

Geir Arne Kvam, leiar kontrollutvalet

Erna Hamrum, medlem valnemnd

Sogn Skisenter AS

Jon Ove Lomheim, nestleiar

Lars Olav Halleråker, styremedlem

Terje Fardal, styremedlem

Ove Midtbø, medlem valnemnd

Sogn og Fjordane Skikrins

Jon Ove Lomheim, hopp og kombinertkomiteen, leiar

Jon Ove Lomheim, krinsdommar skikrins

Per Birger Lomheim, krinsdommar og forbundsdommar NSF

NFF Sogn og Fjordane

Norill Terese Norheim, dommarkomiteen, dommaransvarleg jenter

Økonomi

Endeleg årsrekneskap for 2025 syner eit overskot på 828 301 kr. Dette skuldast i hovudsak flotte inntekter i samband med Lerum Cup 2025, haustmarknaden 2025, sponsorstøtte, offentlege tilskot og støtteordningar og gratis treningslokale frå Luster kommune, Norges Idrettsforbund og grasrotandel frå Norsk Tipping.

Drifta i idrettslaget er god og økonomisk forsvarleg, og vi har avtale og tett dialog med Sogn Rekneskapskontor AS om føring av rekneskapen. Vi får tilsendt månadlege økonomirapportar frå rekneskapskontoret, som gjer at vi har god oversikt og kontroll til ei kvar tid.

Detaljar om rekneskapen for 2025 finn ein i rekneskapoversynet som vert lagt fram på årsmøtet.

Lerum Cup 21.–23.juni 2025

Lerum Cup 2025 vart eit svært vellukka arrangement både sportsleg, økonomisk og arrangementsmessig. Vêrgudane spelte på lag dei to første dagane, før ein del nedbør skapte nokre utfordringar på enkelte av parkeringsareala på avslutningsdagen.

Lerum Cup-nemnda og kioskgruppa sørger for god planlegging og organisering av kiosk, overnatting og parkering. Stadionstyret gjorde ein stor innsats med klargjering av baner og anlegget i forkant. Hafslo IL hadde også eit godt samarbeid med Sogndal Fotball i samband med arrangementet. Særskilt takk til nøkkelpersonane i Lerum Cup-nemnda, kioskgruppa og stadionstyret for den store innsatsen som vart lagt ned i samband med årets turnering. Vi må også takke for den store felles dugnadsinnsatsen utført av spelarar, lagleiarar, trenarar, foreldre og andre i samband med turneringshelga. Utan innsatsen til nøkkelpersonane og den felles innsatsen frå mange i idrettslaget, hadde det ikkje vore mogleg å gjennomføre eit så stort arrangement på Hafslo.

Den felles dugnadsinnsatsen sørger for eit stort økonomisk overskot for Hafslo IL i samband med Lerum Cup 2025. Når vi ser på samla inntekter og utgifter knytt til arrangementet, så vart netto overskot på om lag 400 000 kr den aktuelle helga.

Lerum Cup er ei svært viktig inntektskjelde for idrettslaget vårt, og vi håpar alle i idrettslaget er klare til å stille opp med like flott og stor dugnadsinnsats i samband med Lerum Cup 2026.

Haustmarknad 2. november 2025

Årets haustmarknad vart arrangert på tradisjonelt vis i samfunnsbygget på Hafslo søndag 2. november. For andre året på rad vart det lagt opp til loddsal berre via Vipps og med stand på Spar Hafslo dei to siste laurdagane før marknaden. Dette viser seg å fungere veldig godt, då årets marknad syner eit netto overskot på 106 000 kr, noko som er rekord.

Det er ein flott tradisjon at haustmarknaden startar med utdeling av premiar til dei spreke trimmarane som deltek på trimsesongen i regi av trimgruppa. Så er det flott at dei andre gruppene bidreg med dugnad i form av rigging, kakebaking, servering/kiosk og opprydding. Dette er eit arrangement som støttar opp om fellesskapen i idrettslaget vårt. Vi vil rette ein særskilt takk til dei tilitsvalde i årets marknadsnemnd for god planlegging, organisering og gjennomføring. Og stor takk til alle andre som bidreg med flott innsats i samband med arrangementet.

Hafslo IL vil rette ein stor takk til alle sponsorane, bedriftene og andre støttespelarar som sponsa flotte gevinstar til haustmarknaden også i år. Det er veldig kjekt at bygdefolket møtte opp på sjølve marknadssøndagen, og på den måten bidreg til å støtte opp om idrettslaget vårt. Haustmarknaden gir ei flott inntekt for Hafslo IL, men det er også eit viktig arrangement som legg til rette for ein sosial møteplass i bygda. Stor takk til alle som støtta austmarknaden 2025 på ulike måtar.

Sponsorstøtte og mottekne midlar

Vi har gode og stabile sponsorar som gir oss eit solid økonomisk grunnlag for å legge til rette for eit breitt og variert aktivitetstilbod for medlemene våre gjennom året.

Avtalen med hovudsponsoren vår **Luster Sparebank** er svært viktig. I desember 2025 vart samarbeidsavtalen vår med banken fornya for fire nye år (2026–2029). Luster Sparebank støttar oss også på fleire andre måtar gjennom året. Vi har også sponsoravtalar med **NTP Avery Dennison** og **Intersport Sogndal**.

Sponsoravtalane er viktige for idrettslaget og medlemene våre, og Hafslo IL set stor pris på den økonomiske støtta. Vi har eit godt samarbeid med sponsorane våre, og idrettslaget ser fram til vidare samarbeid i åra som kjem.

Vi får også årlege økonomiske tilskot frå Luster kommune gjennom ordninga med tilskot til kulturføremål, gode økonomiske tilskot frå Norges Idrettsforbund (LAM-midlar og mva-refusjon) og Norsk Tipping (grasrotandel).

Hafslo IL har også mange bedrifter og andre støttespelarar i nærområdet som støttar oss på ulike måtar gjennom året, til dømes med flotte gevinstar til haustmarknaden, skiltreklame i Moane og i samband med ulike dugnader gjennom året.

Styret vil rette ein stor takk til alle sponsorar og samarbeidspartnarar, støttespelarar og alle andre som har vore med å støtte oss økonomisk og på andre måtar også i 2025.

Anlegg

Hafslo IL har fleire anlegg som vert mykje nytta til dei ulike aktivitetane våre gjennom året. Sjølv om anlegga våre generelt har god kvalitet, krev det mykje innsats å drifte og vedlikehalde dei gjennom året. Det er særleg anlegget i Moane, kunstgrasbana i sentrum og hoppanlegget på Sogn skisenter som krev mykje dugnadsinnsats.

Dugnad på anlegget i Moane og kunstgrasbana vert i hovudsak utført av stadionstyret med hjelp frå gruppene, foreldre og andre. I tillegg til den ordinære drifta, har vi også i 2025 gjort nokre større utbetringar i Moane. Vi har mellom anna fått oppgradert det elektriske anlegget i klubbhuset og skifta alle varmtvannstankane. I august vart også lysanlegget på Hafslo stadion ferdigstilt, og dette vart markert i samband med fotballavslutninga 10. september. Det vart ein flott kveld. Særleg kjekt var det at ordførar Andreas Wiese og entreprenørane Ernst Rune Melheim og Luster energiverk ved Geir Ødegård, tok seg tid til å stille opp og klyppe snora og markere ferdigstillinga av anlegget. Lysanlegget har sørja for mange flotte kampar og treningar på Hafslo stadion under flaumlysa hausten 2025, og er eit flott tilskot for utvida aktivitet i Moane utover hausten.

Kunstgrasbana i sentrum vert mykje brukt både til organisert og uorganisert aktivitet så snart bana er fri for snø på våren. Anlegget vart ferdig i 2014, og no nærmar det seg behov for å skifte kunstgrasdekket. Det må planleggast opp mot ny forskrift om forbod mot gummigranulat som tek til å gjelde frå 2031. Elles fekk ballnettet og stolpane på kortsida mot Kalhagen ein trøkk i samband med uvêr og mykje vind hausten 2025. Her måtte vi fjerne ballnettet av sikkerheitsmessige årsaker. Ytterlegare reperasjon av stolpar m.m. må takast att våren 2026. I tillegg blåste utstyrsboda overende. Anlegget på kunstgrasbana treng ein del vedlikehald, og dette må det takast høgde for i budsjettet for 2026. Det bør lagast ein plan for dugnad på anlegget så snart snøen har slept taket etter vinteren. Vi viser til årsmeldinga frå stadionstyret for meir detaljar om innsatsen og vedlikehald på anlegga i Moane og på kunstgrasbana i sentrum.

Det har skjedd og skjer framleis mykje når det gjeld etablering av nye anlegg der Hafslo IL er involvert. Ved Sogn skisenter har det skjedd mykje også i 2025, og særleg arbeidet med å gjere rekrutteringsbakkane for hopp om til heilårsanlegg. Etter at det kom på plass plastspor (heilårsspor) hausten 2024, har hoppgruppa med Jon Ove i spissen stått på og lagt ned ein enorm dugnadsinnsats gjennom sommaren og hausten for å få på plass plastdekke i unnarennet. Mykje anna arbeid er også gjort, og no er rekrutteringsbakkane klare til å kunne nyttast både på vinterstid og sommarstid. Det ser vi fram til, og gler oss til å følgje aktiviteten i bakkane framover. Vi viser til årsmeldinga for hopp for fleire detaljar om arbeidet og status for dei tre rekrutteringsbakkane.

På årsmøtet 27. februar 2023 vart det vedteke ny anleggsplan for Hafslø IL for 2023–2027. Anlegga vart spelt inn til ny kommunal handlingsplan for 2024–2027.

Det er mellom anna sendt inn spelemiddelsøknad for langrennsanlegg (rulleskiløype og snøproduksjonsanlegg) og lysanlegg ved Sogn skisenter. Skisenteret står som søker av anlegget, med økonomisk støtte frå Hafslø IL og IL Bjørn. Skisenteret og idrettslaga har hatt dialog og samarbeid om realisering av dette anlegget over lengre tid, og etter at dei siste formalitetane med tilgang til areal kom på plass i slutten av 2024, har det vore starta opp arbeid med felling av skog og grunnarbeid for dette anlegget i 2025. Mykje dugnadsinnsats er lagt ned, og vi håpar at dette anlegget blir ferdig løpet av sommar/haust 2026.

Hafslø IL samarbeider også med Sogn skisenter om å få etablert eit friskianlegg i banktrekket ved skisenteret. Dette anlegget vart ikkje prioritert for løyving i ny kommunal handlingsplan for 2024–2027. Men dette er eit anlegg med stort aktivitets- og rekrutteringspotensial for born og unge, og kjem til å bli spelt inn som eit meir «klargjort» anlegg i anleggsplanen til Hafslø IL på årsmøtet i februar 2026. Så må den etterfølgjande prosessen med revisjon av kommunal handlingsplan for anlegg i Luster kommune, engasjement og politisk vilje, avgjere kor raskt eit slikt anlegg kan realiserast.

Det er også andre spanande anleggsprosjekt på gang som Hafslø IL er engasjert i. Luster kommune har mellom anna delteke og engasjert seg i prosjektet med ny fleirbrukshall på Hafslø i samband med pågåande områdereguleringsplan for Hafslø sentrum. Det er sett av midlar til dette anlegget i kommunale planar, og det er politisk vilje til å få hallen realisert. Etter at Luster kommune var med i Vestland fylkeskommune sitt prosjekt «Nyskapande aktivitetsanlegg» om fleirbrukshall på Hafslø, så har dette prosjektet stoppa litt opp på grunn av store og usikre kostnader når det gjeld nytt helse - og omsorgssenter i Gaupne. Plassering, arealspørsmål og storleik for speleflate på areal for ballidrettane har mellom anna vore diskutert så langt i prosessen. Så har vi framleis god dialog med skulen, barnehage og andre lag og organisasjonar om dette.

Vi har ei eiga nemnd for fleirbrukshall i Hafslø IL som er engasjert i prosjektet, og dette er framleis eit viktig prosjekt for idrettslaget framover. Så har det i løpet av hausten 2025 kome fleire innspel om fotballhall på Hafslø i form av kaldhall, på arealet på og rundt kunstgrasbana i sentrum. Dette er eit nytt anlegg som er spelt inn i prosessen med områdereguleringsplanen for Hafslø sentrum no i januar 2026, i tillegg til fleirbrukshallen, og er spelt inn som sak på årsmøtet for Hafslø IL 12. februar 2026 der gjeldande anleggsplan skal reviderast.

Trimgruppa si tilrettelegging av trimpostar og samarbeidet med Hafslø bygdelag og Hafslø sogelag om «stifadderprosjektet», bidreg til flotte turmoglegheiter for medlemene våre. Vi har også flotte oppdaterte orienteringskart/løyper som er tilgjengelege for bruk til aktivitetar i regi av gruppene våre gjennom året.

Vi har også eit godt samarbeid med Hafslø barne- og ungdomsskule om bruk av gymsalen i samfunnsbygget på Hafslø og Luster kommune og andre lag og organisasjonar om utvikling av det flotte uteområdet ved Hafslø barne- og ungdomsskule. Her kan vi mellom anna nemne grillhytta og kajakknauset. Vi har også dialog med Hafslø sogelag om aktivitet i det flotte anlegget for hestesportaktivitet på Fluga som vi har samarbeidd om å få realisert. For alle desse anlegga ser vi fram til vidare samarbeid med skulen, kommunen og andre lag og organisasjonar om aktivitetar framover.

Hafslø IL har også eit veldig godt samarbeid med Sogn skisenter, Luster kommune og Hafslø barne- og ungdomsskule om å legge til rette for aktivitetar i idrettslaget. Vi har gode

treningsforhold for alpint, friski, langrenn og hopp ved Sogn skisenter gjennom vintersesongen og i gymsalen i samfunnsbygget gjennom vinteren takka vere dette. Men når det gjeld innandørs aktivitet på vinterstid, opplever vi at det vert meir og meir utfordrande med tanke på kapasitet.

Hafslo IL vil takke alle som nyttar anlegga våre, og alle som bidreg med dugnad til drift og vedlikehald av anlegga som vi eig sjølve. Særskilt takk til dykk som vi samarbeider med og klargjer og stiller anlegg tilgjengeleg for aktivitetane våre. Det er også veldig kjekt å sjå at nye anlegg blir realisert, og vi rettar ein stor takk til dykk som legg ned ein stor innsats for å gjere dette mogleg.

Aktivitet

Hafslo IL har hatt stor og god aktivitet i regi av dei ulike særgruppene våre også i 2025. Vi har mange aktive medlemmer i alle aldrar og funksjonsnivå, mosjonistar, støtteapparat og administrasjon. I tillegg har mange personar vore involverte på vegner av idrettslaget i nemnder og grupper med ulike funksjonar. Meir detaljar om aktivitetane i 2025 går fram av årsmeldingane frå særgruppene våre.

Aktivitetstilboda våre legg til rette for viktige sosiale møteplassar for mange, særskilt for born og unge, men også for andre. Idrettslaget har også eit godt samarbeid med andre lag og organisasjonar om aktivitetar og møteplassar i bygda.

Aktiviteten i Hafslo IL byggjer på frivillig innsats og vert gjennomført på ein best mogleg måte innanfor dei rammene vi har. Det er mange nøkkelpersonar og eldsjeler som gjer ein viktig og heilt avgjerande innsats gjennom året, men foreldreinvolvering er ein viktig faktor for at born og unge skal ha eit godt og variert aktivitetstilbod gjennom året når det gjeld aktivitetane i Hafslo IL.

Vi vil rette ein særskilt takk til alle tillitsvalde, og til alle andre som tek på seg ansvar som trenarar, lagleiarar og andre støttefunksjonar i dei ulike gruppene gjennom året. Dette er heilt avgjerande for at idrettslaget kan tilby eit variert og godt aktivitetstilbod.

Samarbeid om aktivitet med andre idrettslag er viktig. Også i 2025 har vi hatt samarbeid med IL Bjørn, Fanaråk IL og Kaupanger IL om ulike samarbeidslag på senior- og aldersbestemt nivå i fotballsamanheng. Vi har også samarbeid med dei andre idrettslaga i kommunen om andre aktivitetar, til dømes skiaktivitetar, handball og stolpejakta Luster.

Hafslo IL må også takke Sogn skisenter som sørger for at vi kan gjennomføre skiaktivitetar i form av alpint, friski, hopp og langrenn på Heggmyrane gjennom vintersesongen. Vi har eit veldig godt samarbeid med skisenteret, og er veldig takknemlege for at det vert lagt til rette for gode treningsforhold gjennom vintersesongen.

Nytt æresmedlem

Ove Midtbø vart utnemnt til æresmedlem i Hafslo idrettslag på årsmøtet 13. februar 2025. Heilt sidan 2010 har Ove vore ei svært viktig brikke i idrettslaget. Han engasjerte seg først i fotballgruppa og barneidretten, og var leiar i fotballgruppa før han i 2017 vart leiar for Hafslo idrettslag. Ove er oppteken av å tilrettelegga for alle, og at økonomi ikkje skal vera noko hindring. Han stiller alltid opp, om det er som speaker på skicrossrenn på Heggmyrane, eller som ansvarleg for parkeringsdugnaden i Moane under Lerum cup.

Avslutning

Hafslo IL har hatt stor aktivitet og breidde i aktivitetane også i 2025. Vi har aktive medlemmer i alle aldrar, med ulike funksjonsnivå, mosjonistar, støtteapparat og administrasjon. I tillegg har mange frivillige personar vore involverte på vegner av idrettslaget i nemnder og grupper med ulike funksjonar. Årsmeldinga frå styret og gruppene syner at over 130 frivillige tillitsverv i styret, gruppene og som trenarar og lagleiarar har stått bak organisering av aktivitetane sesongen 2025. Mange personar har også hatt fleire verv og roller. Dette seier noko om den enorme frivillige dugnadsinnsatsen som vert lagt ned av mange gjennom året, og det er rett og slett imponerende. Når vi tek med dugnadsinnsatsen frå foreldra og andre støttespelarar i samband med Lerum Cup og andre arrangement, så er den samla frivillige innsatsen som vert lagt ned formidabel og heilt avgjerande for å oppretthalde dei varierte og flotte aktivitetstilboda vi har i idrettslaget. Meir detaljar om aktivitetane i 2025 går fram av årsmeldingane frå særgruppene.

Som nemnt har Hafslo IL stor breidde i aktivitetane våre som når mange born, unge og vaksne med ulike funksjonsnivå og føresetnader. Aktivitetane våre legg til rette for viktige sosiale møteplassar for mange, særskilt for born og unge, men også for andre. Hafslo IL tykkjer vi har eit godt samarbeid med andre lag og organisasjonar om aktivitetar og møteplassar i bygda, og det er vi stolte av.

Idrett for alle er eit utruleg flott aktivitetstilbod som treff ei gruppe og deltakarar som kanskje ikkje kan delta i dei tradisjonelle aktivitetane våre. Derfor var det veldig kjekt då gruppa 10. april fekk Tilgjengeprisen til Luster kommune 2025 for arbeidet med å skape inkluderande og tilrettelagd aktivitet for alle. Dette er vi utruleg stolte av, og tykkjer det var veldig velfortent for eit unikt aktivitetstilbod, som har utvikla seg vidare gjennom fleire år og som har stor aktivitet. Det var ei stor anerkjenning og motivasjon for både utøvarar, instruktørar og medhjelparar. Det syner kor viktig det er å inkludere alle i idrettsaktivitetar i regi av idrettslaget vårt.

Så har vi mange eldsjeler som yter ein ekstraordinær innsats langt utover det som kan forventast for å halde i gang aktivitetar. Det er mellom anna lagt ned enormt mange timar med dugnad i nærmiljøanlegget for hopp i 2024 og 2025. Vinteranlegget er nesten ferdig, og heilårsanlegg er planlagt klart for hopping hausten 2026. Stor takk til Jon Ove og medhjelparane for dette.

Det er også imponerende kva alpint- og friskigruppa med Lars Olav og medhjelparane har fått til når det gjeld denne aktiviteten gjennom fleire år. Oppmøte med opp mot 150 deltakarar både frå Hafslo IL og dei andre idrettslaga i Luster kommune på treningane på Sogn skisenter, trass krevjande skiforhold og vêrtilhøve, er heilt unikt i norsk samanheng. Dette er også noko Hafslo IL er utruleg stolte av. Stor takk til Lars Olav og hjelparane for å gjere dette mogleg og halde aktiviteten i gong.

Når det gjeld aktivitet og breidde, tykkjer vi også det er veldig kjekt at barneidrettsgruppa fekk til tilbod om taekwondo-aktivitet våren 2025, med utviding av tilbodet i januar 2026. Her er vi utruleg heldige som har fått med tilflyttar til Hafslo, Ganna Soroka, med internasjonal erfaring frå idretten, som instruktør. Stor takk til barneidrettsgruppa med Benedikte og Ganna for å ha fått til dette aktivitetstilbodet.

Vi vil også nemne det flotte aktivitetstilbodet med grunntrening i regi av trimgruppa som har kome i gong i 2025. Stor takk til Katrin Lægreid Nes, Elin Anette Hillestad, Kjersti Eikum Tang og Ellen Johanne Lunde.

Mange fleire eldsjeler kunne vore nemnde både i langrennsgruppa, stadionstyret, fotballgruppa, trimgruppa, handballgruppa, Lerum Cup-nemnda inkludert kiosk, marknadsnemnda med fleire.

Enkeltpersonar i desse gruppene gjer ein enorm og heilt avgjerande innsats for gjennomføring av aktivitetar og arrangement i Hafslo IL gjennom året. Stor takk til alle saman.

Hafslo IL set enormt stor pris på innsatsen som vert lagt ned. Styret i Hafslo IL håpar

derfor at eit positivt år for idrettslaget i 2025 bidreg til at mange også ønskjer å engasjere seg i aktivitetane våre i åra som kjem.

Tusen takk til alle som på ulike måtar har vore med og halde aktivitetane i gong i idrettslaget vårt også i 2025. De gjer ein fantastisk innsats alle saman!

Styret i Hafslo Idrettslag, 22.01.2026

Årsmelding frå stadionstyret

Styret

Tore Ørbeck (leiar), Bjarni H. Valsson, Rolf-Johan Stranden, Maths Listou, Birger Moene



Anlegget i Moane

Våren kom tidleg til Hafslo i 2025, og allereie innan utgangen av mars var banene i Moane fri for snø. Det var derfor ikkje behov for å sette i verk tiltak med å framskude snøsmeltinga. Dette skulle normalt tilseie gode vekstvilkår på Hafslo stadion. Men det viste seg etter kvart at grasdekket på hovuddelen av bana var sterkt prega av isbrann. Det måtte derfor gjerast tiltak med ettersåing på det meste av Hafslo stadion så snart som mogleg, og bana måtte stengast for all aktivitet. Stadionstyret takkar Nore i Sogndal Fotball for å hjelpe til med utstyr og bistand i samband med dette.

På grunn av dei dårlege tilhøva på Hafslo stadion, var det lenge usikkert om det var mogleg for Luster Hundeklubb å få nytte anlegget som planlagt for planlagt hundestemne i månadsskiftet mai/juni 2025. Etter dialog med hundeklubben, vedtok utvida styre i Hafslo IL etter synfaring til slutt at ein mindre del av Hafslo stadion kunne få nyttast til hundestemne men med restriksjonar og stenging av dei andre delane av bana.

Som tidlegare år har Hafslo IL hatt ei avtale med Sogndal Fotball om hjelp til drift og vedlikehald av deler av treningsfeltet, mot at Hafslo IL kan få nytte dette til treningar og kampar ved behov. Dette har vore ekstra viktig i 2025 på grunn av dei dårlege tilhøva på Hafslo stadion. Gjennom god dialog med Sogndal Fotball ved Nore Hjelldal har idrettslaget fått nytte deler av treningsfeltet til treningar og kampar både i vårsesongen og haustsesongen.

Tilhøva på Hafslo stadion vart gradvis betre i løpet av juni, og første seriekamp vart avvikla på bana 15. juni. Vi tykkjer også at det er flott at Sogndal Fotball kvinner har spelt fleire heimekampar både på treningsfeltet og Hafslo stadion denne sesongen. Trass i utfordringane, vart det flotte speleforhold både på Hafslo stadion og treningsfeltet i samband med Lerum Cup 21.–23. juni.

Arbeidet med lysanlegget vart starta opp i april, med graving av kabelgrøfter, støyping av fundament m.m. Entreprenørar har vore Ernst Rune Melheim og Luster energiverk ved Ødegård. Lysmastene vart reist 18. juni, og det var flott at dette vart gjort før Lerum Cup. Lysarmaturen kom på plass i løpet av august og 26. august vart lysanlegget testa og slått på for første gong. Ei flott oppgradering av anlegget i Moane, og det vart spelt fleire kampar og halde mange treningar under flaumlysa på Hafslo stadion gjennom hausten.

I løpet av 2025 har det også vore gjort nokre større oppgraderingar i klubbhuset, der det elektriske anlegget er oppgradert og varmtvannstankane i kjellaren er skifta ut. I tillegg er alle benkar og bord oljebeisa to gonger.

Også i 2025 har det vore utført mykje arbeid og dugnad på anlegget i Moane. Hafslo stadion krev mykje og jamleg vedlikehald, og må mellom anna klyppast minst to gongar i veka gjennom sommaren og utover hausten. I tillegg kan nemnast gjødsling, slodding og vatning. Vatningsanlegget var flittig i bruk i tørkeperiodar allereie frå tidleg i mai. I 2025 har det også gått med mykje tid til merking av baner, då fleire kampar har vore avvikla på treningsfeltet. Stadionstyret gjer det meste av arbeidet, med dugnadshjelp ved behov. Særskilt takk til Henrik Røneid som har hjelpt til med slåing av Hafslo stadion, og til Sverre Kjos-Wenjum for jobben med å klyppe rundt om kring på anlegget både før og etter Lerum Cup.

Kunstgrasbana

Også kunstgrasbana vart tidleg fri for snø, og kunne takast i bruk allereie i mars. Det har vore stor aktivitet på kunstgrasbana som vanleg gjennom sesongen. Både til treningar og aldersbestemte kampar og bana vert også mykje brukt i skuletida og til uorganisert aktivitet elles.

Stadionstyret har utført naudsynt vedlikehald gjennom sesongen. Det var planlagt ein del større vedlikehald på sikringsnett, rekkverk, skifting av målnett mm. Dette er noko som Stadionstyret ikkje har hatt kapasitet til i 2025. Men det er stort behov for vedlikehald på og rundt kunstgrasbana, og det bør takast høgde for dette i budsjettet for 2026, og det bør lagast ein plan for dugnad på anlegget så snart anlegget er fritt for snø våren 2026.

Ballnettet og stolpane på kortsida mot Kalhagen fekk i tillegg ein trøkk i samband med uvær og mykje vind hausten 2025. Her måtte ballnettet fjernast av sikkerheitsmessige årsaker, og så må ytterlegare reperasjon av stolpar mm. takast att våren 2026. I tillegg blåste utstyrsboda overende. Også dette må takast høgde for i budsjettet og planane for 2026.

Stadionstyret vil takke alle som har bidrege med dugnad og arbeid på anlegga våre i løpet av sesongen 2025.

Hafslo 22. januar 2025
stadionstyret

Årsmelding hoppgruppa

Styret

Jon Ove Lomheim (leiar), Per Birger Lomheim, Håvard Ese Eliassen, Ane Hestad, Morten Flisram, Eirik Hoem



Representasjon

Vår- og haustmøte hopp, skikrinsen: Jon Ove Lomheim og Per Birger Lomheim

Trening og aktivitet

Det er ingen felles treningstilbod for aktive hopparane i idrettslaget. Dei tre senior-/veteranhopparane våre reiser individuelt for hopping på Voss, mest til Austlandet og Trøndelag.

Eilert og Jens Engesæter Eliassen deltok i august på skiforbundet si «storsamling» i Mo i Rana. Hoppgruppa hadde tilrettelegging av hoppleik på skicupen dei gongene det vart gjennomført på snø. I januar (veke 3) var det nok snø i dei nye småbakkane K5–K10 til å koma i gang med hoppleik (trening) torsdagar og laurdag, alternativt søndag. Det var dårleg vêr og mange avlysingar (også etter snøproduksjon i februar) fram til veke 11 i K5–K10, slik at knapt halvparten av planlagt aktivitet vart gjennomført.

I K20-bakken var det berre mogleg å hoppe 4–5 dagar sist vinter. Slike sesongar medfører både fråfall og lite nyrekuttering. Det vart gjennomført to hoppleik-konkurransar (det eine som del av Bygdalaget sitt arrangement «Vinterdagen Hafslo»). Langrennsgruppa gjennomførte basistrening for ski hausten 2025.

Resultat året 2025

Tre hafslobygdingar deltok på NM for veteran i Midtstubakken/Holmenkollen 4. –5. januar. På grunn av snømangel på Vestlandet sist vinter vart dette det einaste rennet hafslobygdingar deltok på sist vinter.

Resultat NM for veteran

Ove Fredheim (klasse 60–69 år):

- K95, nr. 3
- K60, nr. 2

Jon Ove Lomheim (klasse 70–79 år)

- K40, nr. 3
- Kombinert, nr. 1

Erlend Sie (rekruttklasse 20–29 år):

- K40, nr. 1
- K60, nr. 1

KM 13-16 år, hoppanlegget K10–K20 (Sogn skisenter):

Vart ikkje arrangert på grunn av snømangel.

KM for junior/senior skulle arrangerast saman med Hordaland skikrins på Voss, men vart ikkje arrangert på grunn av snømangel.

Anlegg og dugnad

Nytt hoppanlegg ved Sogn skisenter er eit stort dugnadsprosjekt for ei lita gruppe i laget. I 2025 arbeidde entreprenør E. R. Melheim vidare med grunnarbeid for heilårsanlegg for K5-, K10- og K20. For å spare terrengarbeid vart bakken omprosjektert og etter ferdig lagt treplatning (med terrassebord) og støtdempingsduk, undermatte (plast med støtdemping) og plastmatte, så har unnarennet fått storleik K7 og K12 i minste unnarennet og K22 (meter) i største unnarennet. Tilløpa i alle tre bakkene vart ferdige med heilårsspor i 2024, men tilløp for K5 måtte byggast om i år. Det står att arbeid i 2026 med opprydding rundt bakkane og bygging transportrenne i banktrekket for bruk ved sommarhopping.

I år er det gjort ny stor dugnadsjobb med bygging av hoppanlegget med 1338 timar i 2025 (1354 timar i 2024 og 605,5 timar i 2023 er registrert). To pensjonistar (utanfor hoppgruppa og foreldre) har kvar meir enn 75 dugnadstimar, og dessutan er det fleire vener utanfor hoppmiljøet på dugnadslista. I tillegg kjem prosjektleiar sin dugnad med planarbeid, prosjektadministrasjon, søknader m.m. Hoppgruppa deltok med sine dugnadsressursar i Lerum-cup i juni, og fekk ei fin inntekt for gruppa.

Oppsummering

Det ligg mykje arbeid for hoppgruppa for realisering av nytt hoppanlegg ved Sogn skisenter. Dette er ikkje mogeleg utan støtte i idrettslaget, skisenteret, skikrins, kommune, bank med fleire som så langt har vore positive og såleis held oppe motivasjon for hoppgruppa til å realisera hoppanlegg på skisenteret.

Bygging av heilårsanlegg i småbakkane er nødvendig for rekruttering til hoppporten, men for rekruttering til nytt berekraftig hoppmiljø i kommunen er rekrutteringsbakken K45 også nødvendig å bygga.

Til slutt vil hoppgruppa takka Sogn skisenter, drift for samarbeid med både drift i vintersesongen og anleggsarbeid sommarstid med bygging av nytt hoppanlegg.

Hafslo 30. desember 2025

Jon Ove

Årsmelding alpint og friski

Styre og organisering

Styret i alpint- og friskigruppa har i sesongen 2024/2025 bestått av Ann Helen Liljedahl, Wenche Aspelund Linde, Nils Petter Solheim, Lars Håkon England og underteikna. Styret har hatt ansvar for planlegging, koordinering og gjennomføring av aktivitet, og har hatt aktiv deltaking i tilrettelegging og avvikling av treningar gjennom heile sesongen.



Aktivitet og treningstilbod

Gruppa har tilbydd eit organisert treningstilbod for barn og ungdom frå 1. til 10. klasse. Deltakinga har vore høg og stabil, med eit gjennomsnitt på om lag 90–100 deltakarar per treningsøkt og totalt over 160 medlemmer.

Treningstilbodet har framleis eit tydeleg breiddeidrettsperspektiv, med hovudvekt på allsidig, variert og tilpassa skikøyring, i tråd med utviklinga i skiidretten. Aktiviteten har omfatta leikbasert skikøyring, grunnleggjande alpinteknikk og element frå friski. Prinsipp om variasjon og progresjon har vore lagt til grunn i planlegginga av treningane.

Gjennom sesongen har om lag 20 vaksne trenarar og hjelparar vore involverte i aktiviteten. Desse har hatt ansvar for tryggleik, fagleg kvalitet og pedagogisk gjennomføring. I tillegg har klubben nytta ungdomstrenarar rekrutterte frå eigne rekker. Her vil vi trekke fram Sindre Helle Tandberg, Theodor Walakar, Ola Svidal og Bård Inge Fredheim, som har tatt trenarkurs i friski og gjennomført treningar med høg kvalitet.

Arrangement og dugnadsverksemd

2024/25-sesongen var kort, noko som påverka gruppa, men medlemmene har vore synlege gjennom sesongen i ulike arrangement.

Dugnadsinnsatsen i vintersesongen har vore god og avgjerande for gjennomføring av aktivitetstilbodet. Utanfor vintersesongen er det framleis ei utfordring å sikre brei deltaking på dugnad, som skoging og liknande, men vi har ein fast kjerne som ofte dukkar opp.

Som del av det som var oppfatta som eit prøveprosjekt, vart alpint- og friskigruppa ein større del av dugnadsinnsatsen under Lerum cup enn tidlegare år. Det vart ikkje motteke like godt frå alle, men vi meiner at det er ei naturleg utvikling i tråd med storleiken på gruppa.

Økonomi

Gruppa har hatt faste kostnader knytt til medlemskap og avgifter til Sogn og Fjordane Skikrins, i tillegg leige av anlegg i Sogn skisenter. Inntektsgrunnlaget har hovudsakleg vore basert på

dugnadsinnsats og medlemskontingent. Den økonomiske drifta har vore nøktern og i tråd med gjeldande rammer og føringar frå hovudlaget.

Utviklingsarbeid og målsetjingar

Hovudmålsetjinga for alpint- og friskigruppa er å leggja til rette for eit aktivitetstilbod som støttar både organisert og uorganisert skiaktivitet, med sikte på livslang aktivitetsglede. For å nå denne målsetjinga, har gruppa prioritert eit varierende, inkluderande og tidsrelevant aktivitetstilbod.

I sesongen 2024/25 har det vorte sett i gang skulering av eigne trenarar. Vidare har gruppa, i samarbeid med Norges idrettsforbund, delteke i eit pilotprosjekt retta mot b arnidrettstrenarutdanning med friski som fagleg utgangspunkt. Tiltaket har som mål å styrkje trenarkompetansen, gi særleg dei eldste utøvarane eit meir relevant og motiverande tilbod, samt bidra til langsiktig rekruttering av trenarar frå eigne rekker.

Vidare utvikling

Gruppa vurderer det som svært positivt at alpint- og friskiaktiviteten bidreg til å samla barn og ungdom på tvers av bygder i kommunen. Den vidareførte bruken av eiga skilogo har styrkt identiteten til gruppa og vorte nytta systematisk i profileringsmateriell og utstyr.

I pågåande sesong har gruppa tatt på seg arrangørrolla for renn, i tillegg til at dei har deltakarar som ynskjer å delta på konkurransar innan friski og fristil.

Ei sentral utfordring for vidare aktivitet blant den store mengda deltakarar, og utviklinga av skiaktiviteten generelt, er manglande areal for relevant aktivitet. Skisenteret har areal som stettar den tradisjonelle alpinaktiviteten, men ikkje aktivitet i samsvar med utviklinga. Per no er vi heilt avhengige av at dei fantastiske trenarane våre er både løysingsorienterte og kreative, for fasilitetane manglar.

Det er så mange på treningane no at vi reelt sett har to alternativ, desse er:

1. Snarleg betre tilrettelegging på anleggsfronten.
2. Kutte i aktivitetstilbodet.

Vi meiner alternativ 2 er eit dårleg alternativ, og ber difor Hafslo idrettslag og idrettsrådet om framleis å ha påtrykk inn mot kommunen, og heilt konkret om endring av kommunale prioriteringar i kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2024–2036.

Avslutning

Alpint- og friskigruppa ynskjer å rette ei formell takk til alle utøvarar for innsats og engasjement gjennom sesongen. Vidare rettast det takk til foreldre og frivillige for betydeleg dugnadsinnsats, til Sogn skisenter for tilrettelegging av anlegg. Ein særskild takk går til trenarar og styremedlemmer i alpint- og friskigruppa. Samla sett vurderer alpint- og friskigruppa sesongen 2024/2025 som fagleg og organisatorisk vellukka.

For alpint- og friskigruppa, Hafslo IL
Lars Olav Halleråker

Årsmelding fotballgruppa



Styret

Leiar: Nils Petter Solheim

Nestleiar og Fair Play ansvarleg: Helge M Byrkjeland

Styremedlem – FIKS og økonomi: Tormod Tuft Tyssen

Styremedlem – materialforvaltar: Bjarni H. Valsson

Styremedlem – miniputtansvarleg: Tonje Grønstad og Lene Madsen

Styremedlem – aldersbestemt ansvarleg: Ann Kristin Torgersen

Landslagsskuleansvarleg: Anja Renate Buskaker

Lerum Cup og kioskansvarleg: Karita Nes

Dommaransvarleg: Marius Sundal

Styremedlem – Parkeringsansvarleg cup og turnering: Jan Erik Røneid

- Me har hatt fire styremøter og har behandla 25 saker i 2025.
- Me hadde ikkje høve å delta på kretstinget i Førde i år, men sende Johan E. Salveson og Jone Fylling frå seniorlaget.
- 10. september hadde me fotballfest i Moane med to lokaloppgjær: Hafslo J10 mot Bjørn J10 og Hafslo G11 mot Bjørn G11. I tillegg var det offisiell opning av lysanlegg.
- Fotballgruppa har eit årshjul og ein sportsplan som dannar grunnlaget for korleis me planlegg og organiserer arbeidet gjennom sesongen. Sportsplanen er lagt ut på høyring på heimesida til HIL. Denne er revidert for perioden 2026–2029.

Aldersbestemt fotball (10–17 år)

J15/17

Fire spelarar frå Hafslo.

Trenarar: Arild Tveit (Kaupanger IL, for 9-ar laget), Bernt Aleksander Elle og Sigmund Sandvik (begge IL Bjørn, for 11-ar laget)

Lagleiar: Veronika Tørnes (Kaupanger IL, for 9-er laget), Margrethe Sjøhoel Røneid (Hafslo IL, for 11-ar laget)

Hafslo har hatt samarbeidslag med Kaupanger og gjort ein god innsats der.

G15/17

Ni spelarar frå Hafslo.

Trenarar: Daniel Solheim og Gjermund Lindeskog (begge IL Bjørn)

Lagleiar: Magnus Withbro (Hafslo IL)

Hafslo har hatt samarbeidslag med G15/17 frå IL Bjørn i år. Dette er eit samarbeid som har fungert svært bra og kjem mest truleg til å blomstre også i 2026

G13/14

Ni spelarar frå Hafslo.

Trenarar: Tor Hauge (IL Bjørn) og Styrk Hofslundsengen (Hafslo IL)

Lagleiarar: Anne Therese Moen (Hafslo IL) og Mona Bukve (IL Bjørn)

Hafslo har hatt samarbeidslag med G13/14 frå IL Bjørn i år. Dette er eit samarbeid som har fungert veldig bra.

J12

Elleve spelarar.

Trenarar: Kurt Norheim, Kjell Arild Høyum og Norill Therese Norheim

Lagleiar: Ann Kristin Torgersen

G12

Åtte spelarar.

Trenarar: Anja Renate Buskaker og Richard Nes

Lagleiar: Anne Lene Sygna Halleråker

Hafslo har hatt eit 7-ar lag i serien. Det har vore bra stabilitet og godt oppmøte på treningar og kampar. Gutane har hatt ei god utvikling. G11 og J12 har vore med på enkelte kampar. Det har vore positivt med fellestreningar med G11/12, då det har sikra større treningsgruppe.

Har hatt flotte opplevingar saman med ein samansveisa gjeng. Både spelarar, trenarar og foreldre har hatt det kjekt i lag både på Ål Cup og Kiwi Bama Cup.

G11

Ni spelarar.

Trenar: Marius Sviggum

Lagleiar: Cathrine Nese

J11

Ti spelarar

Trenarar: Kurt Heggstad og Siri Liestøl Christensen

Lagleiar: Ann Helen Liljedahl

J10

Elleve spelarar.

Trenarar: Jan Inge Engebø, Ann Kristin Torgersen og Anja Renate Buskaker

Lagleiar: Cathrine Nes

Alle jentene har utvikla og forbetra seg, det såg me spesielt i siste kampen.

Deltok på både Lerum Cup og Kiwi Bama Cup. Nøgde med gjennomføringa av desse to turneringane. Turneringane har vore godt planlagde, og me har fått god informasjon i forkant. Godt organiserte begge to. Ynskjer likevel meir samarbeid med lag under/over, med tanke på sårbarheten for fråfall på trening, i tillegg til meir spel og gode øvingar.

G10

Ti spelarar

Trenarar: Joar Søhoel og Robin Frichsen

Lagleiar: Sandra Nesse Søhoel

Stort engasjement i gruppa. Også kjekt at Joar og Sandra Søhoel laga supportersong som har vore mykje spelt og bidrege til god stemning på kampar og arrangement i løpet av sesongen.

Fotball miniputt (6–9 år)

- Om lag 55 gutar og jenter i alderen 6–9 år har delteke på treningar og turningar for miniputtar sesongen 2025.
- Desse Kongleriket-turneringane har vore arrangerte:
 - Kaupanger 11. mai
 - Lærdal 15. juni
 - Hafslo 31. august
 - Øvre Årdal 21. september
- Turneringa på Hafslo fekk mykje gode tilbakemeldingar. 81 lag og 162 kampar blei gjennomførte denne søndagen.
- Hafslo IL har hatt med lag på alle dei fire Kongleriket-turneringane denne sesongen.
- Hafslo IL stilte også lag under Kiwi-Bama Cup i Sogndal 25.–og 26. oktober.
- J9 og G9 hadde sitt første år med seriekampar.

J9

Elleve spelarar.

Trenar: Bente Helene Skildheim Nes

Lagleiar: Signe Rauboti

Har hatt god utvikling og har vore ein veldig fin gjeng. Har vore aktive på treningane og gjort ein god innsats.

G9

Tretten spelarar.

Trenar: Ole Johan Wangsvik

Lagleiar: Gunnar Barsnes Onarheim

Det har vore positivt med tett samarbeid og fellestreningar med G10, og gutane har hatt ei positiv utvikling. Turneringane har vore kjekke.

J8

Tolv spelarar.

Trenarar: Jonny Ølnes og Øystein Klepsvik

Lagleiar: Anne Grethe Sønsthagen

Ivrige ungar og engasjerte foreldre som er med og hjelper. Kjekke turneringar.

G8

Sju spelarar.

Trenarar: Linda Tveit Beheim og Ole Morten Mjelstad

Lagleiar: Stine Solvi

Det har vore bra oppmøte og engasjement frå alle spelarar og foreldre. Gutane har hatt ei god utvikling, og det har vore bra med faste trenarar. Turneringane har vore bra gjennomførte. Kampoppsettet har vore passeleg både med tal kampar og opphald mellom kampane. Ved turneringa på Hafslo var det nokre G8- spelarar som hospiterte opp på G9.

J7

Ni spelarar.

Trenar: Richard Nes

Lagleiar: Birthe Johanne Finstad

Bra oppmøte på treningar og grei gjeng å ha. Turneringane har vore kjekke, sosialt og engasjerte vaksne og ungar. Fin gjeng.

G7

Tjue spelarar til saman med G6. Berre ein gut frå dette årskullet har vore med, men det har vore treningar saman med G6.

J6

Tolv spelarar.

Trenarar: Andres Nekstad og Dan Yngve Høyheim

Lagleiar: Lene Madsen

Bra oppmøte på treningane og god sportsleg framgang.

G6

Trenarar: Jan Inge Engebø, Emma Werner og Anja Renate Buskaker

Lagleiar: Ida Høyheim Vik

Godt oppmøte på treningane og turnering, engasjerte ungar. Har vore med på Kongleriket turneringane, gutane har hatt kjempefin innsats og engasjement. Vore veldig moro.

Keeperskulen på Kaupanger og i Sogndal

Hafslo IL hadde keeperskule i år også, men få påmelde. Det var ein med på keeperskule i Sogndalhallen i 2025. Me ynskjer å ta dette vidare i 2026 med keeperskulen.no på nyåret. Dette er eit flott tiltak for dei som både er eller vurderer å bli keeperar, men også for dei som ynskjer å vite kor viktig keeperen er på eit lag, og korleis han også kan brukast i spelet. Det er òg nokre av keeperane våre som deltek på onsdagstreningane for keeperar i Sognahallen om vinteren.

Sone/kretslag

Hafslo IL har hatt fleire spelarar inn på både sone- og kretslag denne sesongen:

- Sju har vore inne på krets- og sonelag.
- Tre er på kretslandet våren 2026.

Laurdagstrening

Me hadde nokre få laurdagstreningar på kunstgrasbana også i 2025 for dei som er ti år og oppover. Dette er eit tilbod for dei som ynskjer ekstra trening, der ein bevisst legg lista litt høgare når det gjeld innsats og haldningar på treningane. Det har tidlegare år vore eit populært tiltak, der det har vore i snitt 15 påmelde kvar laurdag. Det ynskjer me også å få til komande år. Kurt Heggstad har hatt ansvaret for alle treningane og opplegget rundt. Medhjelparar har vore Kurt Norheim og fleire andre foreldre.

Dommarar

Hafslo IL har hatt 77 kampar fordelt på vår- og haustsesongen, der tolv dommarar i alderen 12 til 17 har dømt. Dei har gjort ein fantastisk innsats og har fått mange gode tilbakemeldingar. Hafslo har heile tida stilt med tre dommarar på 9-ar og 11-ar kampane. Dei nye som er på veg opp, fekk prøve seg som linjedommarar på desse kampane

Under Kongleriket-turneringa var det 16 dommarar som tok seg av dei 170 kampane som blei spelte denne helga. Sju av desse var heilt nye, men gjorde ein meget bra jobb under kampane.

Oppsummering

Det er stor og god aktivitet i fotballmiljøet på Hafslo. Takk til alle foreldre, trenarar, lagleiarar og alle andre ressurspersonar som bidreg til at dette let seg gjennomføre. Me er heilt avhengige av at dei er med oss for å kunne gje eit godt fotballtilbod.

Anna Grindhaug er ein av dei få som har klart å jobbe seg oppover som spelar og er no inne på øvste nivå for Stabæk kvinner. Fantastisk jobba, Anna!

Me tok med både trenarar og lagleiarar på ei avslutning, oppsummering og litt om komande sesong på YX i desember. Det var godt oppmøte og gode tilbakemeldingar frå dei som var med.

Me har endeleg fått lys på grasbana i Moane, noko som har vore etterlengta i lang, lang tid. Me jobbar også med å sjå korleis me kan få meir treningsareal på Hafslo og er i full gang med å sjå moglegheitene for å få ein fotball-/aktivitetshall.

Me har likevel nokre utfordringar på anleggssida også i 2026. Me var plaga med isbrann på grasbana i 2025. Me har også fått ein del ugras i bana, som gjer at me må ta igjen delar av, eller heile grasmatta i Moane. Dette er både ein tidkrevjande, kostbar og utfordrande jobb, som me har planar om å setja i gang med utpå hausten.

Seniorfotball

Hafslo IL har også i 2025 hatt eit seniorlag i samarbeid med IL Bjørn og IL Fanaråk i 5. og 6. divisjon herrar (HBF1 og HBF2). Joar Duesund, Johan Salveson, Joar Fossøy, Jone Fylling og Ole Halveg har vore trenarar. Ove Midtbø, Hege Bjørnetun og Odd Johan Vigdal har samarbeidd om å vore lagleiarar og hatt kioskansvar på kampane på Hafslo og i Gaupne. Og vi må takke Hans Arvid Skagen og Mona Bukve og resten av dugnadsgjengen i Skjolden for tilrettelegging og samarbeid i samband med kampane som har vore spelte i Skjolden.

HBF1 har spelt 18 kampar i 5. divisjon. Sesongen starta 23. april med bortekamp mot Årdal 2. Trass eit knepent 0–1 tap i sjølve kampen, enda det likevel med siger og tre poeng etter protest på grunn av at Årdal 2 hadde nytta uberettiga spelarar. Første heimekamp for HBF1 var mot Eikefjord 4. mai på Skjolden stadion. Den kampen enda med 6–0-siger. HBF1 spelte fire heimekampar og fem bortekampar i vårsesongen. Tre av heimekampane gjekk på Skjolden stadion og ein kamp på Luster Idrettspark. Det enda med tre singlar, to uavgjort og fire tap. Målskilnaden var på 19–16.

Hafslo stadion var endeleg speleklar til haustsesongen, og første heimekamp i Moane 14. august endte med 8–0-siger mot Årdal 2. Det vart spelt fem heimekampar på Hafslo stadion i haustsesongen, der det vart fire singlar og ein uavgjort. HBF1 avslutta sesongen 12. oktober med ein imponerende 9–0-siger (sesongens største) mot Balestrand på Hafslo stadion. Det vart fem singlar, to uavgjort og to tap i haustsesongen. Målskilnaden var på imponerende 35–12.

Oppsummert endte HBF1 på ein flott 4. plass i 5. divisjon med 28 poeng og ein målskilnad på 54–28. På heimebane vart det berre eitt tap i løpet av sesongen, og det er verdt å nemne at HBF1 ikkje tapte ein einaste heimekamp på grasbanene i Skjolden og i Moane på Hafslo.

HBF2 har spelt åtte kampar i 6. divisjon. Det vart ein noko amputert sesong, då Årdal 3 måtte trekke laget sitt før haustsesongen. Første seriekamp vart spelt 6. mai og den siste 16. september. HBF2 spelte fem heimekampar der det vart tre singlar, ein uavgjort og eitt tap. Fire av heimekampane vart spelt på Luster Idrettspark og ein på Skjolden stadion. Sesongen endte med fire singlar, ein uavgjort og tre tap. Målskilnaden vart på 22–16. HBF2 enda på ein flott 2. plass i 6. divisjon.

Samarbeidslaget har hatt ein flott sesong, og har gjennomført jamlege treningar både innandørs sidan januar, og utandørs når det vart klart for det. Det er mange spelarar som er med frå alle bygdene i Luster kommune og frå Sogndal, og dette gjer at det kan gjennomførast jamlege treningar med godt oppmøte. Med to lag, blir det samla sett mykje speletid på alle. Samarbeidslaget Hafslo/Bjørn/Fanaråk ser fram til vidare samarbeid, og er klare for ny sesong i 5. og 6. divisjon i 2026.

Det har også vore samarbeidslag for IL Bjørn/Hafslo IL for kvinner i 4. divisjon 7-ar i 2025. Bernt Aleksander Elle og Sigmund Sandvik har vore trenarar. Oddny Irene Norheim har vore lagleiar. Laget imponerte med seks singlar av seks moglege, målskilnad på 46–11 og til topps på tabellen. Vi gratulerer dei supre fotballkvinnene og lagleiinga med flott prestasjon!

Lerum Cup 21.–23. juni 2025

Fotballgruppa vil takke alle i fotballfamilien for super innsats i samband med Lerum Cup. Dette vart eit svært vellukka arrangement både sportsleg og økonomisk. Særskilt takk til nøkkelpersonane i Lerum Cup-nemnda og kioskggruppa for arbeidet med planlegging og organisering. Men utan den store og felles dugnadsinnsatsen frå mange, hadde det ikkje vore mogleg å arrangere ei slik turnering på Hafslo. Sjå elles utfyllande omtale av Lerum Cup 2025 i årsmeldinga frå styret.

Fotballgruppa 08.01.25

Årsmelding barneidrett

Styret

Benedikte Fløtra Grøteig (leiar), Marit Haugan Hove, Kai Atle Øygard



2025 har vore eit år med varierte aktivitetar:

Ski

Vi hadde fem dagar med skikarusell. Det var opphavleg planlagt ti dagar, men sesongen blei amputert på grunn av mildvêr og lite snø. Skikarusellen blei avrunda med medaljeseremoni og sykkel dag på raudebana.

Skikrinsen lagde til skisprell 24. februar og aktivitetsskveld med rulleski 21. mai. Det var mange ungar og god stemning begge dagane.

Småbarnstrim

Det har vore småbarnstrim på våren og hausten med mange barn og god stemning. Til Halloween ble det arrangert Halloween-trim med utkledding og godteri.

Taekwondo

Det blei starta opp med taekwondotreningar for 1.–4. klasse på våren. Dette heldt fram på hausten, og blei utvida til å inkludere 5.–7. klasse frå januar 2026.

Friidrettsdag

Me arrangerte friidrettsdag saman med trimgruppa 17. september.

Barneidrettsgruppa
ved Benedikte Fløtra Grøteig

Årsmelding trimgruppa

Styret

Terje Brunborg (leiar), Monica Heggstad, Kjell Arild Høyum, Tor Erik Ones.

Styret har hatt 2 styremøte dette året.



Volleyball

Det har vore tilbod om volleyballtrim gjennom heile året. Tilbodet gjeld for begge kjønn frå 15 år og oppover. Aldersspreinga er frå 15 til 69 år. Oppmøtet har vore variabelt.

Idrett for alle

I 2025 bestod Idrett for alle av sju utøvarar, fem hovudinstruktørar og åtte medhjelparar.

Det vart gjennomført trening annankvar torsdag i oddetalsveker gjennom året. Treningane er leikprega og målet er å gjere utøvarane trygge og klare for deltaking i øvingar i blant anna Løveleikane og Byrkjelo-leikane.

I tillegg til det ordinære treningsopplegget, vart det som vanleg arrangert avslutning før sommar og jul. Avslutninga før sommaren vart i år ekstra spesiell, då gruppa vart tildelt Tilgjengeprisen til Luster kommune for arbeidet med å skape inkluderande og tilrettelagd aktivitet for alle. Dette var ei stor anerkjening og motivasjon for både utøvarar, instruktørar og medhjelparar.

Gruppa ser tilbake på eit positivt og innhaldsrikt år med god deltaking, fine opplevingar og mykje idrettsglede.

Grunntrening

Grunntreninga har i 2025 hatt to treningar i veka. Måndagane har Kjersti Eikum Tang, Elin Anette Hillestad og Katrin Læg Reid Nes leia gode økter med sirkeltrening. Grunntrening til musikk har vore tilbodet på torsdagane. Aktiviteten er for alle frå 14 år og oppover. Det er ein god gjeng som er med på treningane.

Hafslotrimmen

Dette er den største jobben for trimgruppa. Trimgruppa har 25 postkassar med trimbøker, og brukar også appen «Trimpoeng» til digital registrering. Postane har vore godt besøkte. Ca. 120

deltakarar er registrert per januar 2026. Tolv personar fullførte Trimmian i 24/25-sesongen. Av desse var det to som gjekk alle postane i Trimpoeng-appen (59 stk.). I 2025 fekk 16 born premie for å ha registrert minst 150 poeng, og me hadde 49 vaksne som var med i uttrekkspremiene.

Idrettsmerket

Trimgruppa tilbyr idrettsmerkedeltaking til medlemmane. To personar nytta seg av tilbodet i 2025: Per Birger Lomheim og Astrid Veum. I tillegg var det mange born som var med og prøvde ulike friidrettsaktivitetar på friidrettsdagen, som gruppa arrangerte saman med barneidrettsgruppa. Dei fekk diplom for god innsats.

Stifaddergruppa

Stifaddegruppa er eit samarbeid mellom trimgruppa, Hafslo bygdelag (administrator) og Hafslo Sogelag. Bjarne Venjum er koordinator og gjer ein flott jobb for å holda arbeidet i gang. Gruppa starta opp hausten 2018, og har no fungert i sju år. Ein god del stiar er merka og rydda. Fleire stiar står på planen, og stiane som alt er rydda og merka, må haldast ved like. Trimgruppa stiller med sju stifadderar. Desse har jobben så lenge dei vil. I 2025 vart stien Tangshytta–Nonhaug–Beimshytta rydda og merka i regi av trimgruppa. Det står att arbeid med skilting, som skal gjennomførast i løpet av våren 2026.

Stolpejakt

Stolpejakta er leia av Luster kommune, og trimgruppa har tatt ansvaret for området Hafslo/Solvorn. Stolpejakta har vore eit populært tiltak, og stolpane i Luster vart godt besøkte. Det er planlagt oppstart av ny stolpejakt 1. mai 2026.


Hafslo, 31. desember 2025
for trimgruppa, Terje Brunborg

Årsmelding langrennsgruppa

Styret

Terje Fardal, Irene Barca Fardal, Per Fridolf Hillestad, Sondre Svidal Møller.

Langrennsgruppa har hatt fire styremøte i 2025.



Trening og aktivitet

Me starta opp med fellestreningar kvar torsdag rett etter skulestart i august. Da med rulleski på parkeringen/rauerbane og gangstiar rundt ved skulen. Nokre av dei eldste med ein vaksen har og gått på gangstien til Vegaskjelet og på vegen mot Moane. Me var gledelig overraska over oppmøte første kvelden (12 stk) og så kom det til fleire og fleire etterkvart. Totalt har me hatt 22 stk med oss på treningane. Utpå hausten (oktober) flytte me inn i gymsalen og har hatt basistrening og litt lek.

Langrennsgruppa arrangerte sonerenn i skicross søndag 12. januar. Det var 36 deltakarar, 29 fra Hafslo, som var veldig gledelig å sjå att så mange ungar fra Hafslo som deltok. I juni var Melanie Hetkamp-Andersen fra skikretsen her og hadde skisprell på rulleski med oss. Dette hadde me ved skulen der me ellers har rulleskitreninga. I september hadde samme opplegg saman med langrennsgruppa i Sogndal. Med felles kveldsmat pizza i grillhytta. Dette var eitt veldig kjekt opplegg.

Me som trenarar har inntrykk av att ungane har hatt det moro (spesielt på rulleski) og trivdes med opplegget. Me trenarane har i hvert fall syntes att det har vore kjekt og har hatt det moro og interessant. No ventar me berre på snøen så me kjem i gang på Heggmyrane.

Anlegg og dugnad

I heile haust har langrennsgruppa hatt dugnad på Heggmyrane med å rydda mykje skog der den planlagte skistadion skal vera. Runar har grovplanert slik att med nok snø så kan me få brukt stadionområde allerede kommande vinter.

Langrennsgruppa har i haust vore på fleire befaringar saman med skisenteret og anleggsutviklar fra skiforbundet ang. rulleskiløypa/skileikanlegg. Skikretsen har ynskje om att Hafslo il/skisenteret skal vera med som eitt pilotprosjekt i Sogn og Fjordane. Langrennsgruppa har og hatt dugnad saman med langrennsgruppa i Bjørn il med kvisting i mestedelen av 13 km traseen, slik att me ikkje treng så mykje snø for å få flotte løyper. Dessverre var sist vinter dårlig med mykje mildt vær og lite snø så me fikk ikkje køyrt løyper på isen som planlagt. Dette håpar me vert bedre kommande vinter, sjøl om da så langt ser litt dårlig ut.

For langrennsgruppa
Terje Fardal

Årsmelding handballgruppa

Styret

Monika Reime



Våren 2025 hadde vi treningar for jenter og gutar 6–8 år i gymsalen på Hafslo. Der deltok det mellom 10 og 15 barn. Vi hadde eit j 9 lag med 10 jenter som spelte kortbane med fire serierundar på våren. Dei trena også i gymsalen på Hafslo. J15 år spelte i vår seriekampar for Bjørn og hadde treningar i Gaupne, men berre med spelarar frå Hafslo, Solvorn og Sogndal. Hausten 2025 hadde vi eit j 10 lag i serien (kortbanehandball). Det er dei same ti jentene som har vore med i fleire år. Vi inviterte i november til inspirasjonsdag i gymsalen for 1.-4.klasse. Det kom cirka 10 barn, flest 1. og 2. klassingar. Det er no faste treningstider for denne gruppa, og vi håper det kjem fleire til etter kvart. Fleire av dei eldste ungdommane frå Hafslo deltek no på samarbeidslag Bjørn/Sogndal, men dei har også tidvis gjennom hausten hatt tilbod ei trening i veka i Gaupne, men utan seriespel.

Hafslo 08.01.26

For handballgruppa

Monika Alvestad Reime